



KYSTBYEN AS  
c/o Stranda Eigedom AS Fugleskjærgata 10  
6905 FLORØ

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Sondre Kaastad Sørsdal, 5557 2304

## Løyve etter forureiningsforskrifta til utfylling i sjø ved sentrumstomta B9 og B9 for Kystbyen AS i Kinn kommune

---

**Statsforvaltaren gir Kystbyen AS løyve til utfylling av ca. 100 000 m<sup>3</sup> ved sentrumstomta B8 og B9 i Kinn kommune.**

**Utfyllinga skal innanfor tidsperioden 1. juni til 31. desember. Tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålar.**

---

**Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11 – jamfør forureiningsforskrifta § 22-6**

---

Vi viser til søknad datert 10. april 2024.

### Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling av steinmassar i sjø frå lekter og frå land ved sentrumstomta B8 og B9, utanfor gnr./bnr. 27/228, 27/312, 27/125, 27/1307 i Kinn kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11 – jamfør forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet

### Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 38 900 kroner, for handsaming av




søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

## Om tiltaket

Kystbyen AS søker om løyve til utfylling av ca. 100 000 m<sup>3</sup> massar i område B8 – B9, Stranda i Kinn kommune. Føremålet er opparbeiding av nytt landareal for nytt bustadområdet og bygging av framtidig molo som skal verne området for vær og vind.

Massane som skal nyttast kjem frå Kystverkets prosjekt med utdjuing av innseglinga til Florø hamn. Massane vil bli levert på lekter, og lagt ut i sjøen med gravemaskin. Etter meir utfylling vil gravemaskina stå på landareal for handtering av mottak av massar. Det skal fyllast opp til kote +3, sjå figur 1.




Figur 1. Masseberegning for fylling i B8 og B9 i Kinn kommune.

Utfyllinga skal skje over eit allereie utfyllt området, der området vart utfyllt i hausten 2023, regulert i løyve gjeve av Statsforvaltaren datert 17. november 2022<sup>1</sup>

Det er registrert større tareskogførekomster nær tiltaksområdet og området rundt er registrert som eit regionalt viktig gytefelt for torsk.

<sup>1</sup> Løyve frå SVFL - Løyvenummer 2022.0929.T



Figur 2. Fiskeriinteresser i nærleiken av tiltaket.

Utfylling i sjø frå lekter krev løyve etter forureiningsforskrifta § 22.

## Høyring

Søknaden vert sendt på høyring til Kinn kommune, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, og Sør-Norges Fiskarlag. Frist for å gje eventuelle merknadar var 14. mai 2024.

### Kinn kommune (24. april 2024)

Attgjeving av uttale:

«Søknad om utfylling er i samsvar med kommunens løyve til dispensasjon til utfyllinga, sjå vedlagt løyve i sak 24/4342 – 24, datert 16.04.2024.

I dispensasjonen/løyve er det lagt vekt på følgjande forhold/vilkår i vedtaket, sjå under og vedlagt vedtak: Med heimel i plan- og bygningsloven(pbl.) § 19-2 vert det gjeve dispensasjon som omsøkt, på følgjande vilkår:

- Nye steinmassar skal plasserast opp på eksisterande fylling.
- Dumping og omplassering av dei dumpa massane må skje innafør tidsperioden 1. juni til 31. desember.
- Vilkår sett av Statsforvaltaren i Vestland i løyve etter forureiningsforskriften, skal etterkomast.
- Vilkår sett av Flora Hamn i vedtak etter Hamne- og Farvassloven datert 02.04.2024 må etterkomast.
- Det skal kun fyllast på eksisterande fylling og koordinatfestast ved søknad om ferdigattest.
- Det vert ikkje gjeve ytterlegare dispensasjon frå plankrav for dette deponiet. Med heimel i plan- og bygningsloven(pbl.) § 21-4, jf. § 20-4 vert det gjeve løyve til plassering av steinmassar frå lekter opp på eksisterande fylling:
- Det skal ikkje fyllast høgare i sjø enn inntil kote +3.
- Ved søknad om ferdigattest må det sendast inn koordinatar for yttergrenser for fyllinga og fyllinga må merkast slik at den stettar krav til sjømerking og skal



godkjennast av Flora Hamn KF.

- Kommunen sette vilkår til at arealet som kjem opp over flodmål må sikrast og gjevast ei overflata som må kunne ferdast på utan at det er fare for folk og dyr/ fuglar, eller stengast for ferdsel både frå sjøsida og via land.

Aktuelt område er i gjeldande kommunedelplan for Florø sentrum sett av til bustadformål, med krav om regulering. Arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for området er i startgropa, med oppstartsmøte avtalt i veke 17.

Basert på ovannemnde har Kinn kommune ikkje merknad til søknad om løyve etter forureiningsloven til utfylling i sjø for Kystbyen AS i Kinn kommune»

### **Mattilsynet (13. mai 2024)**

Attgjeving av uttale:

#### **«Mattilsynet sine merknadar**

Omsyn til fiskehelse og fiskevelferd

Mattilsynet har forvaltningsansvar for å vareta god velferd hos fisk og tifotkreps og fremje god helse hos akvakulturdyr og andre akvatiske dyr. (Jf. Forskrift om omsetning av akvakulturdyr og produkter av akvakulturdyr, forebygging og bekjempelse av smittsomme sykdommer hos akvatiske dyr FOR-2008-06-17-819 og Forskrift om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften) FOR-2008-06-17-822).

Mattilsynet peiker på at det er særleg plikt til aktsemd med tanke på å førebygge og forhindre risiko for spreiding av smittsame sjukdommar til dyr, medrekna akvatiske dyr. Dyrevelferdslova seier at dyr, inkludert akvatiske dyr, skal behandlast godt og beskyttast mot fare for unødige påkjenningar og belastingar.

Om uttala:

Uttala gjeld kva for effekt planlagt utfylling vil kunne ha på akvakultur i området. Området for utfylling ligg i ei bukt i Floravika ved Florø. Det er ikkje nasjonal laksefjord eller nasjonale laksevassdrag i nærleiken. Det er fleire oppdrettsanlegg i området.

Akvakulturanlegg i området:

Lokalitetane 39677 Gaddholmen I, 39678 Gaddholmen II og 45133 Gaddholmen III ligg på eit utfylt område om lag 1,6 km nord for tiltaksområdet. Desse lokalitetane vil truleg bli påverka i mindre grad.

Fiskeslakteriet SF222 Slakteriet AS med ventemerde 21235 Hesteneset ligg i underkant av 900 meter aust for tiltaksområdet. Sjå bilete under frå Barentswatch.no:



#### Effekt av sprenging og undervassstøy på oppdrettsfisk:

Lyd og trykkbølger kan bere langt under vatn. Det er ingen tvil om at slike effektar skremmer fisk. Vi har ingen data på kva for avstand som er stor nok til ikkje å ha slik effekt på fisk. Trykkbølger må vi anta at kan drepe fisk i umiddelbar nærleik, mens det truleg vil vere slik at fisk i eit område rundt også kan ta skade av trykkbølger. Fisk er sensitive for trykkforandringar og har organ som kan registrere slikt på ein annan måte enn landdyr kan.

Mens villlevande fisk kan reagere på skremmande stimuli ved å trekke unna og såleis redusere fare for fleire skremmestimuli, er fisk i oppdrettsanlegg bundne til å bli der dei er. Fisk innestengt i merd kan få panikkreaksjonar som gjer at dei klemmer seg saman i botnen av notposen, eller rasar inn i notveggen. Slike panikkreaksjonar har vi sett eksempel på ved høge lydpåverkingar, lysblink eller angrep frå predatorar som skarv, sel, oter og niser. Panikkreaksjonar i merd er uønskte då dei kan gi både stor dødelegheit og omfattande skadar på fiskane. Skremmande stimuli for oppdrettsfisk utgjer derfor ei velferdsmessig utfordring.

#### Effekt av partikkelspreiing på oppdrettsfisk:

Sprenging og frislepp av partiklar frå steinmassar gir høg partikkeltettleik i vatnet. Slike partiklar kan irritere gjellene på fisk med påfølgjande auka slimproduksjon. Mykje slim på gjellene vil gi nedsett evne til å ta opp



oksygen, og fisken vil kunne lide under dette. Det er truleg at skaden ikke blir så omfattande at fiskane vil dø då det vil vere betydeleg fortyningseffekt frå tiltaksstedet, men stress og nedsett fôropptak/ redusert vekst er sannsynlege reaksjonar etter ei slik påverking. Dette fører til redusert velferd. Tilførsel av partikulært vatn vil avhenge av avstand, hovudstraumbilete, månefasar, vind m.m.

*Mattilsynet si vurdering:*

*Det går fram av søknaden at det dreier seg om utfylling av steinmassar i sjø. Det er lagt ved rapport over sedimentkvalitet og risikoanalyse før planlagt utfylling. Mattilsynet kan ikkje sjå at tiltakshavar har skreve noko om kva for avbøtande tiltak ein eventuelt har på plass for å hindre mellom anna spreining av partiklar i vatnet, og eventuelle planar for overvaking av vasskvaliteten i resipienten. Mattilsynet ventar at dette kjem på plass før tiltaket blir sett i gang.*

*Graden av påverking på fisk frå partikulært materiale er det vanskeleg å seie noko om. Lokalitet Hesteneset er ein ventemerd der fiskane står i maksimum nokre få dagar i vente på å bli slakta. Mattryggleiken kan bli påverka negativt ved at ein risikerer forureining av fiskekjøt/ferdig sjømatprodukt. Mattilsynet ventar at tiltakshavar har vurdert eventuell påverking av ventemerden og inntaksvatnet til Slakteriet AS.*

*Mattilsynet ventar at tiltaket tek omsyn til akvakulturverksemd i området. Utover dette har vi ikkje ytterlegare kommentarar på noverande tidspunkt.»*

#### **Fiskeridirektoratets uttale på tidlegare utfylling på same område ( 22. september 2022)**

*Attgjeving av uttale:*

*«Fiskeridirektoratet er imot at masser dumpast i sjø i staden for å lagrast på land, særleg når det kan føre til at forureina partiklar vert spreidd i sjøen. I dette tilfellet vil det vere midlertidig som etter det vi kan forstå, vil føre til at massane skal flyttast på når ein lagar moloen. Vi kan ikkje sjå at det er vurdert kva som vil skje med forureininga i sedimenta når dette arbeid skal utførast.*

*Havforskningsinstituttet har registrert eit regionalt viktig gytefelt for torsk som kjem inn i området der det skal dumpast masser. Dette gytefeltet vart registrert i 2015. Gytefeltet er ikkje med i «Søknad om mudring, dumping og utfylling i sjø og vassdrag» med vedlegg og det er derfor ikkje blitt vurdert kva verknad tiltaket vil få på dette gytefeltet.*

*Sedimenta der dumpinga skal skje har for høge verdiar av polysykliske aromatiske hydrokarbon (PAH). Dumpinga kan føre til at PAH vert spreidd i sjø massane. I vaksen fisk blir PAH i følgje rapporten frå Fishguard, raskt nedbroten av fisken sjølv, og det er ikkje vanleg å finne store mengder PAH i fisk. Sedimentkonsentrasjonar av PAH på omkring 1 mg/kg eller lågare kan gje effekt i fisk, og vasskonsentrasjonar på 1 µg/l eller lågare kan gje alvorlege effektar på fiskelarvar og seinskadar i fisk. Dette må bety at dumpinga vil få effekt på vaksen fisk, yngel og larvar i alle fall dersom arbeidet går føre seg i gytesesongen til torsk.*

*Massane som skal dumpast inneheld sprengstein som kan innehalde små partiklar og støv som kan feste seg på gjeller.*

*Vi ber om at arbeidet vert utført mellom 1. juni og 31. desember dersom løyve blir gitt. Dette gjer at arbeidet blir lagt utanom gyteperioden for torsk, og det samsvarar med kor tid vi vil at Kystverket skal utføre arbeidet med å gjere Florevika djupare.»*



## Statsforvaltarens grunningjeving for løyvet

### Forureiningslova

Utfylling i sjø frå lekter krev løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6. Dette tiltaket vil også krevje løyve etter forureiningslova § 11 dersom utfylling skjer frå land på grunn av størrelsen på utfyllinga. Statsforvaltaren er forureiningsstyresmakt for anleggsarbeid i sjø. Vi legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 «Handtering av sedimenter» for vår avgjerd. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og krav i vassforskrifta er lagt til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga etter forureiningsforskrifta.

### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerdar som rører ved naturmangfald.

### Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta inneheld forplikande miljømål om at myndighetene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

### Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningsloverket dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Kinn kommune skrev i sin uttal at dei ikkje har merknad til søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø for Kystbyen AS. Det vart 16. april 2024 gjeve dispensasjon og rammeløyve for tiltaket<sup>2</sup>

## Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.


### Grunngjeving for valde vilkår og krav

Utfylling i sjø vil kunne medføre spreiding av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar. Det kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggende sjøareal, og partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr, og marint naturmiljø. Utfyllingsområdet ligg ovanfor eit område som allereie er utfyllt. Det er registrert større tareskogførekomster nær tiltaksområdet. Området rundt er registrert som eit regionalt viktig gytefelt for torsk.

---

<sup>2</sup> Nytt vedtak – dispensasjon og rammeløyve for massedeponi i sjø – gbnr 27/228 – Strandavegen 29 - 16.04.2024 – Kinn kommune





Figur 3. Tiltaksområde vist med blå polygon (B8 og B9). Heile området er registrert som eit lokalt viktig gytefelt for torsk. Grøn skravur viser større taeskoğførekomster.

### Utfylling av mudra masser frå Kystverkets prosjekt; utdjuping av innseglinga til Florø hamn

Mudra sprengsteinsmassar frå sjø vert rekna som næringsavfall, jf. forureiningslova § 27 a andre ledd. Dette følgjer av forureiningslova § 32 at næringsavfall skal bringes til lovleg avfallsanlegg eller attvinnast.

Massar som er dokumentert å tilfredsstillast tilstandsklasse I-II, jf. M-608/2016 kan nyttiggjerast, forutsett at massane enten opphøyr å vere avfall eller på annan måte nyttiggjerast ved å erstatte materialar som elles ville vorten nytta. Ein føresetnad for at disponering av masser vert rekna som nyttiggjering er at massane nyttast i et tiltak som er planlagd uavhengig av tilgangen på massane, at mengda av massane som dumpast står i forhold til behovet, og at overskotsmassane har eigenskapar so gjer dei eigna til føremålet. I denne saka er føremålet med utfylling av steinmassar frå prosjektet med utdjuping av innseglinga til Florø hamn å nytte steinen til opparbeiding av område avsett til framtidig bustadområde og molo. Tiltaket er planlagd uavhengig av tilgangen på massar frå utdjupingsprosjektet. Statsforvaltaren ser på bruk av dei mudra massane frå utdjupinga til utfylling som ein nyttiggjering av massane, då dei erstattar materialar til utfylling som elles ville vorte nytta.

Massane som skal nyttast til utfylling i denne saka er å anse som reine, då løyve til Kystverket<sup>3</sup> stiller vilkår til disponering av massar, der forureina mudra massar skal leverast til lovleg avfallsanlegg, og bruk reine muddermassar til utfyllingsformål krev løyve frå Stasforvaltaren. Dette løyve til utfylling og ved Stranda B8 og B9 er eit slik løyve.

Fiskeridirektoratet skriv i uttalen til utfyllinga i 2022: «Vi ber om at arbeidet vert utført mellom 1. juni og 31. desember dersom løyve blir gitt.» Vi tek dette inn som eit vilkår i løyvet. Dette samsvarer med løyvet til Kystverket, der mudringsarbeidet berre skal skje innanfor perioden 1. juni til 31. desember. Det vil difor uansett ikkje vere massar frå Kystverket utanfor denne tidsperioden.

<sup>3</sup> Vedtak om tillatelse etter forurensningsloven til mudring i innseilingen til Florø i Kinn kommune for Kystverket. Løyvenummer: 2022.0790.T





Det er fare for oppvirvling av partiklar ved utfylling av massar over områder med finstoff. Utfyllinga skal skje over eit allereie utfylt området, der området vart utfylt i hausten 2023, regulert i løyve gjeve av Statsforvaltaren datert 17. november 2022<sup>4</sup>. Da det skal fyllast over tidlegare utfylt sprengstein, vil det vere lite finstoff på sjøbotnen. Statsforvaltaren meiner at risikoen for spreiging av forureina finstoff ved utfylling er liten på grunn av analyser i samband med tiltaket, og at det er lite finstoffhaldige sediment i området. Siltgardin ved tiltaksområdet er upraktisk då den vil vere til hinder for lekter som skal frakte massane til utfyllingsområdet.

Massane som vert nytta til utfylling inneheld ikkje mykje små partiklar og støv. Massane blir "vaska" når dei blir mudra opp gjennom vassøyla, slik at det er tilnærma "rein" stein utan mykje partiklar. Statsforvaltaren meiner at faren for spreiging av partiklar er låg slik at faren for nedslamming av nærliggande taeskog er liten.

I søknaden skriv tiltakshavar at dei reknar med at plan for overvaking av vatn, spreiging av massar/partiklar og sluttkontroll blir gjort av Kystverket og deira entreprenør. Statsforvaltaren meiner at Kystbyen AS er ansvarleg for at arbeid i samheng med tiltaka stettar vilkår i dette løyvet. Kystverket og deira entreprenør er i dette tilfellet "leverandør" av sprengstein, og Kystbyen AS er ansvarleg for utfyllinga. Dei mudra massane som skal fyllast ved B8 og B9 erstattar materiale (sprengstein frå land) som elles ville vert nytta. Kystbyen AS er difor ansvarleg for forureiningsmessige forhold og risiko som kan oppstå ved gjennomføring av tiltaka. Vi stiller vilkår om at Kystbyen AS skal lage ein, eller forsikre seg om at Kystverket/entreprenør har tilfredsstillande plan for plassering av massar ved B8/B9, slik at vilkåra i løyvet blir stetta og at faren for forureina blir minimert. Kystbyen AS skal ha ein plan for overvaking i vatn for å forsikre seg om at forureining/partiklar ikkje blir spreidd.

Det skal ikkje bli spreidd plastforureining som følge av tiltaka. Rutinar for overvaking av eventuell plastforureining skal inngå i ein overvakingsplan.

Partikkelkonsentrasjonen utanfor tiltaksområdet, nære Slakteriet AS sin ventemerd skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 15 NTU/FNU i ein periode på meir enn 30 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal arbeidet stogge, og dersom overskriding skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak.

At entreprenøren skal ha ein beredskapsplan for å handtere eventuelle uhellsutslepp av oljeforureining/-søl er tatt inn som eit vilkår i løyvet.

### **Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta**

I samband med utarbeiding av søknad om løyve etter forureiningslova er det henta inn informasjon om moglege forureiningskjelder i området og det er henta inn informasjon om viktige natur- og fiskeriinteresser i området frå databasar via Kystinfo.no.

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak. Dersom det er naudsynt med driftsstans på anlegget for å unngå

---

<sup>4</sup> Løyve frå SVFL - Løyvenummer 2022.0929.T



uakseptabel grad av forureining som følgje av anleggsverksemda, vil denne meirkostnaden også reknast som i samsvar med NML § 11. Vi krev også at det skal nyttast dei beste moglege tekniske løysingane som ut frå ei kost/nytte-vurdering gjev best mogleg resultat for miljøet, jf. NML § 12. Elles viser vi til våre vurderingar og grunngevingar ovanfor under punktet kalla *Grunngeving for valde vilkår og krav*.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er moglegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

### **Endring om omgjerung**

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no). Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

### **Rett til å klage**

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.



De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørsdal  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1                      vilkår Kystbyen

Kopi til:

KINN KOMMUNE  
MATTILSYNET  
Ivestconsult  
Fiskeridirektoratet

Postboks 294  
Felles postmottak Postboks 383

6701  
2381

MÅLØY  
BRUMUNDDAL



## Løyve etter forureiningsforskrifta utfylling i sjø ved sentrumstomta B8 og B9 for Kystbyen AS i Kinn kommune

Statsforvaltaren gjev Kystbyen AS løyve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 10. april 2024 og andre opplysningar gitt i samband med behandling av søknaden.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventta oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

### Data om verksemda

Bedrift	Kystbyen AS
Postadresse	Fugleskjærgata 10, 6095 Florø
Kommune og fylke	Kinn, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigd av	932 736 918, tilhøyrar 932 500 833

### Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2024.0467.T	4602.0292.01 Utfylling B8/B9 Stranda	2024/5810

Løyve gitt første gong: 31. mai 2024	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør		Sondre Kaastad Sørsdal rådgjevar

*Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Endringslogg

<b>Endringsnummer</b>	<b>Endringar av</b>	<b>Punkt</b>	<b>Beskriving</b>

## **1. Løyvet omfattar**

### **1.1 Omfang**

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling av ca. 100 000 m<sup>3</sup> massar ved sentrumstomta B8 og B9, utanfor gnr/bnr 27/228, 27/312, 27/125, 27/1307 i Kinn kommune. Massane kjem frå Kystverkets prosjekt med mudring av innseglinga til Florø.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 10. april 2024 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

### **1.2 Varsel om oppstart**

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendast minimum ei veke før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

## **2 Generelle vilkår**

### **2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg**

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

### **2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald**

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

### **2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare**

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

### **2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida**

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.



## **2.5 Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

## **2.6 Erstatningsansvar**

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

## **2.7 Kulturminne i sjø**

Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

## **2.8 Aktsemd ovanfor framande organismar**

Vestland fylke har gjennom dei siste årene registrert ein auking i observasjonar av fremmedarten japansk sjøpung, allment kjent som Havnespy. Denne arten har stort invasjonspotensiale, og høg økologisk effekt. Det er kjente observasjonar sjølve tiltaksområdet, men arten er observert fleire stader i nærleiken aust for utfyllingsområdet. Statsforvaltaren minner derfor om plikta til aktsemd i medhald til forskrift om framande organismar § 18. I den står det at den som iverksette tiltak som kan medføre utilsikta spreieing av fremmande organismar i miljøet skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Frå § 18 del a og b vises det til at tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneberer, kunnskap til å treffe forebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt avdekke utilsikta spreieing av framande organismar.

## **2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk**

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

# **3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining**

## **3.1 Internkontroll**

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta . Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

### **3.2 Beredskapsplan**

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

### **3.3 Varsling om akutt forureining**

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

## **4. Vilkår for utføring av tiltak i sjø**

### **4.1 Generelt**

Tiltaka i sjø skal utførast på en slik måte at finpartikulært materiale frå sjøbotn og utfylt i minst mogleg grad blir spreidd.

### **4.2 Tidsavgrensingar**

Av omsyn til gyteperioden for torsk skal utfyllinga skje innafør tidsperioden 1. juni til 31. desember.

### **4.3 Turbiditetsmålar**

Av omsyn til Mattilsynets uttale, skal ein eller fleire turbiditetsmålarar skal nyttast når utfylling pågår for å sikre at tiltaket ikkje negativt påverkar ventemerden til Slakteriet AS. Bruk av turbiditetsmålar og fastsetting av bakgrunnsverdi skal skje i samsvar med NS-9433. Partikkelkonsentrasjonen utanfor tiltaksområdet skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 15 NTU/FNU i ein periode på meir enn 30 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal arbeidet stogge, og dersom overskriding skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak.

Dersom det førekjem gjentekne overskridingar av alarmgrensene skal det utførast avbøtande tiltak.

### **4.4 Kontakt med Slakteriet AS**

Det skal vere dialog med Slakteriet AS ved oppstart og gjennomføring av tiltaket. Hendingar ut over det som er venta og som kan påverke ventemerden skal varslast.

#### **4.5 Oppsamling av avfall i sjø**

Plastavfall m.m. skal samlast opp jamleg. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast.

#### **5. Avfall**

Kystbyen AS plikter, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørge for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

Brukt partikkelsperre skal leverast til lovleg mottak.

#### **6. Overvaking og kontroll, og rapportering til Statsforvaltaren**

##### **6.1 Plan for overvaking og kontroll**

Det skal utførast kontroll og overvaking av tiltaka i sjø etter ein kontroll- og overvaksingsplan. Denne skal lagast i tråd med anbefalingar gjeve i Rettleiar for handtering av sedimenter M-350/2015, og stette løyvets vilkår.

Overvakinga skal vere tilstrekkeleg til å avdekke eventuell spreining av forureining i samband med gjennomføring av tiltaka.

##### **6.2 Sluttrapport**

Kystbyen AS skal sende rapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- Omtale om korleis arbeidet er utført (metodar).
- Opplysningar om mengder masse som faktisk har blitt dumpa og utfylt (i m<sup>3</sup> eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som ble satt i verk.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

#### **7. Tilsyn**

Kystbyen AS plikter å la representantar frå Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget når som helst.